

Læreplan for

MUSIKK

GRUNNKURS

Har du lyst til å lære deg å spele eit instrument?

Eller kanskje mange instrument?

Har du lyst til å øve deg på å ha konsert framfor eit lite publikum?

Er du glad i å synge, danse, og lage lydar til forteljingar?

Går du i 2. eller 3. klasse?

I så fall er musikk grunnkurs midt i blinken for deg!



1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og

danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og

foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Instrument/utstyr

Elevane får låne dei nødvendige instrumenta på kulturskulen ved kvar time. Desse instrumenta skal ikkje vere med heim til eleven.

4. Målgruppe/ alder/ inndeling

Musikk grunnkurs gis i gruppe, i hovudsak til elevar i 2. og 3. klasse.

5. Organisering av undervisninga

På musikk grunnkurs vil vi jobbe med song, rim og reglar, rytme, notar, dramatisering av songar, dans, teikning, og musisering på instrument. Dei instrumenta vi vil prøve ut rytmeinstrument, fiolin, ukulele og trompet m.m.

Ved å få moglegheit til å prøve ut mange forskjellige instrument i ung alder, håpar vi at vi kan vekke ein musikkinteresse for elevane, slik at dei ønskjer å fortsetje i kulturskulen på eit instrument.

6. Eigenøving

Det krevs ingen eigenøving heime i musikk grunnkurs.

7. Konsertar

Det vil vanlegvis bli haldt ein liten konsert for foreldre/føresette i forkant av kvar ferie. På desse konsertane visar vi fram kva vi har lært på timane. Dette vil vere i undervisningstida, på undervisningsrommet. Slik blir ikkje overgangen frå øving til konsert så stor og skummel.

8. Evaluering/tilbakemelding

Det vil bli jamnleg tilbakemelding på eleven.

9. Mål for undervisninga

Musikk grunnkurs er eit framhald av musikkleik, der elevane blir førebudde, og får eit grunnlag for vidare undervisning på eit instrument, syngja i kor, eller delta i andre aktivitetar i kulturskulen. Grunnkurset skal også vera eit sjølvstendig tilbod der borna kan få utvikla seg i song, spel, enkel notelesing, dans- og teaterleik.

10. Forventningane / krav til elever

Elevane må møte til avtalt tid. Det er viktig å gi beskjed til faglæraren om ein elev ikkje kan kome, slik at undervisninga kan bli tilrettelagt for resten av gruppa.

Nokon av elevane er avhengige av at foreldre/føresette er med på timane, og da må desse vere med.